

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - H43, TI - &01	14/1270

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
22/2014	Kommunestyret	PS	09.04.2014

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova § 28-1 e

Vedlegg:

Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter til behandling i samarbeidskommunane, kommunelova § 28-1 e
KS sak 116-10 Samarbeidsavtale om krisesentertilbud for kommunar i Hordaland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann viser til kommunestyret sak 116/10 om etablering av samarbeidsavtale mellom Bergen kommune (vertskommune) og kommunar i Hordaland vedkomande krisesentertilbud. Ein viser og til gjeldande lovkrav jamfør Lov om kommunale krisesentertilbud.

Bergen kommune har fatta vedtak om å etablere ny og oppdatert samarbeidsavtale jamfør vedlegg. Nemnde samarbeidsavtale frå 2011 er i hovudsak justert grunna at fleire kommunar i Hordaland sluttar seg til avtalen. Føresetnadane for at Meland kommune slutta seg til samarbeidsavtalen frå 2011 er ikkje endra.

Vurdering

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg at Meland kommune vidarefører samarbeidsavtale om krisesentertilbud slik den ligg føre. Kommunen delegerer dei oppgåver og mynde som er naudsynt for at Bergen kommune skal kunne ta på seg ansvar som vertskommune.

Meland kommune har uavhengig samarbeidsavtale ansvar etter Lov om kommunale krisesentertilbud. Dette gjeld mellom anna å sikre vurdering av naudsynte supplerande lokale tiltak.

Folkehelse

- Ingen merknad

Miljø

- Ingen merknad

Økonomi

Meland kommune viderefører økonomisk ansvar jamfør samarbeidsavtale frå 2011, og ny avtale punkt e) fastset økonomisk oppgjer for perioden frametter. Meland kommune sitt ansvar for 2013 var kr. 265.750,-, og det er budsjett for 2014 med kr. 290.000,-.

Konklusjon

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om krisesentertilbud slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.»

Utval for levekår - 19/2014

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.

, den 20.03.2014

Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial